

VEDLEGG

VEDLEGG 1: Interne retningslinjer for informasjonshandtering i marknadsreguleringa i kornsektoren

Vedtatt av Norske Felleskjøp 13.02.2004.

1. Norske Felleskjøp vil handtere all informasjon i samband med utøvinga av marknadsreguleringsfunksjonen på ein måte som ikkje påverkar konkurranseforholda i kornsektoren.
2. Papirbasert informasjon er arkivert i eige arkiv hos fagsjef.
3. Elektronisk arkiv: Dette er arkivert med avgrensa tilgang for adm.dir., fagsjef og fagkonsulent.
4. Elektronisk post blir arkivert hos den som mottar denne.
5. Alle tilsette i Norske Felleskjøp underteiknar erklæring om teieplikt i forhold til informasjon av konkurransemessig betydning hos andre aktørar og som Norske Felleskjøp mottar som marknadsregulator.
6. Styret i Norske Felleskjøp har ikkje tilgang til arkivet for marknadsreguleringa. Styret kan be om rapportar om gjennomføringa som gir informasjon på aggregert nivå.
7. NFK vil som marknadsregulator kunne motta informasjon om kvantum og prisforhold for handel med korn mellom aktørar. Papirbasert informasjon av denne typen blir arkivert nedlåst. Alle spørsmål om innsyn i informasjon av denne typen vil bli avvist, dersom det ikkje ligg føre aksept frå dei som har gitt informasjonen. Statens landbruksforvaltning vil kunne ha tilgang til slik informasjon, i samband med kontroll av ordningane.

Vedlegg 2: Personar i Felleskjøpet med innsidestatus

Følgjande personar i Norske Felleskjøp har pr. 01.01.2020 tilgang til informasjon som gir innsidestatus:

- Administrerende direktør Eli Reistad
- Fagsjef marknadsregulering Sindre Flø
- Fagkonsulent marknadsregulering Marte Narvestad.

Vedlegg 3: Fagutvalet i Norske Felleskjøp er pr. desember 2019:

- Kai Funderud, råvaresjef, Felleskjøpet Agri SA
- Kristian Thunes, marknadssjef kornhandel, Felleskjøpet Agri SA
- Sindre Flø, fagsjef marknadsregulering, Norske Felleskjøp.

Vedlegg 4: Erklæring om teieplikt

Eg er kjent med Norske Felleskjøp sine retningslinjer for informasjonsflyt som følgjer av organisasjonen si rolle som marknadsregulator for korn og kva dette inneber for meg.

All informasjonshandtering skal skje i samsvar med gjeldande forskrift, Omsetningsrådets retningslinjer og Norske Felleskjøp sine til ei kvar tid gjeldande interne retningslinjer. Eg forpliktar meg til å ikkje bruke, vise, utlevere eller på annan måte gjere tilgjengeleg informasjon om prognosar, prisar eller reguleringstiltak som eg har fått kjennskap til gjennom mitt virke på ein måte som er i strid med nemnde forskrifter og retningslinjer. Teieplikta gjeld overfor tilsette og tillitsvalde i Felleskjøpet Agri sin forretningsmessige verksemd, med mindre unntak følgjer av aktuelle forskrifter og retningslinjer.

Teieplikta gjeld også informasjon om Felleskjøpet Agri og eventuelt andre aktørar sin forretningsdrift som eg blir kjent med gjennom mitt virke.

Denne erklæringa er utarbeidd i to eksemplar, slik at Norske Felleskjøp og eg har kvart vårt.